LINDÅS KOMMUNE
Planavdelinga

Arnljot Jordal og Gro Hjellvik Jordal
Kvamsvågen 2
5911 ALVERSUND

| Referanser: | Saksbehandlar: | Dato: |
|---|---|---|
| Dykkar: | Eli Bjørklid | 13.12.2016 |
| Vår: 16/3500 - 16/34088 | Eli.Bjorklid@lindas.kommune.no | |

# Gbnr 58/1 Lygra Indre. Ny frist for å busetje seg på eigedommen. Lemping på vilkår sett i sak 15/3089.

| | |
|---|---|
| Eigedom: | Gnr.58 bnr.1 Lygra Indre |
| Adresse: | Lurevegen 1467 og 1469, 5912 Seim |
| Type tiltak: | Søknad om utsett frist for å flytte til eigedommen |
| Søker: | Gro Hjellvik Jordal og Arnljot Jordal |

**Saka gjeld:**
I sak nr.15/3089 fekk søker konsesjon for å overta eigedommen gbnr 85/1. Som vilkår for å gje konsesjon vart det sett: «Søkjarane(må) verte fastbuande på eigedommen innan 1 år og bur det i minst 5 år.»

I mail datert 25.10.2016 skriv søkarane:
Syner til samtale i går.
Søkjer med dette om utsetting av buplikt i eitt år på eigedomen vår på Lygra i samband med å få utført naudsynt oppussing før permanent innflytting innan 26.10.2017.

Det er no denne utsette fristen for å flytte til eigedommen, som vert handsama.

**Konsesjonslova §11:**
Etter §11 i konsesjonslova kan styresmaktene sette dei vilkåra som er naudsynt for at lova sitt føremål kan verte oppfyltt.
I §11 står det og: «Det kan lempes på vilkårene etter søknad.»
Det er kommunen som er konsesjonsmynde og kommunen kan etter søknad lempe på dei vilkåra som dei har sett sjølv.

Det gjeld utsett frist med å flytte til eigedommen. Grunngjeving er at det tek lenger tid enn tenkt å få huset i slik stand at ein kan bu der.
Det har synt seg når arbeidet med huset tok til, ar det var dårlegare enn først tenkt.
Kommunen ser dette som god nok grunn til å gje utsett frist.

**VEDTAK:**

Med heimel i konsesjonslova §11, gjev Lindås kommunen ny frist for tilflytting til eigedommen gbnr.58/1.
Ny frist vert sett til 26.10.2017.
Frå dette tidspunktet må eigarane ta gbnr 58/1 som sin faste stad å bu, og bu der i minst 5 år.

**Mynde:**
Søknaden er handsama og avgjort av Landbruksavdelinga i høve til delegert mynde.

**Klage:**
Avgjerda er eit enkeltvedtak etter forvaltningslova sine reglar. Partane kan klage til overordna mynde over avgjerda innan tre veker frå ein fekk vite om avgjerda, jf. Forvaltningslova §§28 flg.

Med helsing

| | |
|---|---|
| Kjartan Ny hammer<br>landbrukssjef | Eli Bjørklid<br>saksbehandlar |

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Mottakarar:**

| | | | |
|---|---|---|---|
| Arnljot Jordal og Gro Hjellvik Jordal | Kvamsvågen 2 | 5911 | ALVERSUND |